

Stor interesse for Uskedalsfjella

25.08.2012



I tillegg til Uskedalselva er det stor og aukande interesse for turar i Uskedalsfjella. Berre dei siste vekene har uskedalen.no møtt einskildpersonar og grupper som legg turen til Uskedalen for å gå i fjellet.



Dette gjeld alle fjella i område, medrekna tur til Skorpefjellet.

Nokre kjem frå andre land, mange kjem frå kommunane rundt Bergen.

I møte med desse turgåarane fortel dei at Ulvanoso og Englafjell er velkjende fjell på nasjonalt nivå. Mange er kjende med fjella i Indre Hardanger. No er turen komen til å vita meir og få oppleva fjella i Uskedalen.

Bileta viser eit lite utval av turgrupper:

Bilete øverst: Ein tysk storfamilie på veg til Skorpefjellet

Bilete 2: Ei gruppe frå Fusa på veg til Geitadalstind. I går var dei på Trolltunga, i dag Ulvanoso. Bilete syner og to Korsnesdamer som legg turen til Høgeteen

Bilete nederst: Ei tysk gruppe på veg til Lågaoso. Dei reiser med Siggie Klemm og bur på Rabben ferisesenter

Av: Kristian Olav Bringedal.



